

Sei



Foto: VAREANO

I NORDSJØEN/SKAGERRAK OG VEST AV SKOTTLAND

Sei – *Pollachius virens* – Saithe
Familie: Gadidae (torskefamilien)
Andre namn: Mort, seimort, pale, kod, seikod
Maks storleik: 115 cm og 20 kg
Levetid: 20 år
Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak/vest av Skottland
Gyteområde: Eggakanten frå vest av Shetland til Vikingbanken
Gytedispunkt: Januar–mai
Føde: Ungfisk et mest krill, mens eldre et mest fisk

Nøkkeltal:
 KVOTERÅD FOR 2016: 68 601 tonn / 72 144 tonn (med utkast)
 TOTALKVOTE (med utkast) / NORSK KVOTE 2016: (Nordsjøen og Skagerrak): 65 696/ 34 412 tonn (vest av Skottland): 6 448 / 500 tonn
 TOTALFANGST (prognose) / NORSK FANGST (Nordsjøen og Skagerrak) 2015: 72 854 / 35 522 tonn
 NORSK FANGSTVERDI 2014: 353 mill. kr (Nordsjøen), 4,1 mill. kr (Skagerrak), 4,3 mill. kr (vest av Skottland)


Status og råd

På grunn av uklare bestandsgrenser vert sei vest av Skottland og i Nordsjøen/Skagerrak slått saman når ein skal rekna ut bestandsstorleik, fiskedøying og kvote. ICES konstaterer at gytebiomassen har gått nedover sidan 2005 og har fluktuert rundt 200 000 tonn sidan 2011. Rekrutteringa i seinare år har vore svært låg. Fiskedøyinga har gått under føre-var-nivået og ligg no nærare nivået for høgt langtidsubytte.


Sei vest for Skottland og sei i Nordsjøen/Skagerrak vert haldne åtskilde i forvaltinga. Seien vest av Skottland vert forvalta av EU åleine. Ut ifrå eit gjennomsnitt for 1993–1998 vert 90,6 % av fangsten i prognosane fordelt til området Nordsjøen/Skagerrak når kvoten vert delt. Totalkvoten av sei i Nordsjøen/Skagerrak vert delt mellom EU (48 %) og Noreg (52 %) og fastsett gjennom årlege forhandlingar. Partane er einige om ein forvaltingsregel som seier at om lag 1/4 av den bestanden som det kan fiskast på (3 år og eldre fisk), kan fiskast så lenge gytebestanden er over føre-var-nivået. Tiltrådd kvote i 2016 er i samsvar med EU–Noreg-forvaltingsplanen og er 65 696 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og 6 448 tonn i området vest for Skottland og Rockall (totalt 72 144 tonn). Kvoten for Nordsjøen/Skagerrak inkluderer ei TAC-justering på 5,7 % som tek omsyn til EU si landingsplikt. Dette skal gje ein gytebestand på 168 129 tonn i 2017 og ei fiskedøying (0,30) som er omtrent den som sikrar eit høgt langtidsubytte (0,32).

Fiskeri

Seien vert hovudsakleg fiska med trål, både av EU og Noreg. I Noreg vert ca. 85 % teken med trål og vel 6 % med not. Tysk, fransk og norsk trålarflåte tok 67 % av seifangsten i 2015. Sidan 2009 har EU-flåten sitt seifiske vore innsatsregulert gjennom EU sin forvaltingsplan for torsk (1342/2008).



Bestand og fangst av sei i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.
Stock size and catches of saithe in the North Sea/Skagerrak and west of Scotland.



Fakta om bestanden:

Seien er ein atlantehavsfisk. Vi finn bestandar i Nordsjøen, vest av Skottland, ved Færøyane, Island og langs norskekysten nord for 62°N. Sei kan førekoma sør til Biscaya og finst òg på austkysten av Nord-Amerika. Seien kan vandra mykje på jakt etter mat. Merkeforsøk har vist at det til tider er markant utveksling av fisk mellom dei ulike bestandane i Nordaust-Atlanten.

Nordsjøseien gyt i januar–mai på 150–200 meters djup frå vest av Shetland, Tampen og til Vikingbanken. Larvene driv først sør over langs vestkanten av Norskerenna, men blir så førde tvers over kyststraumen. Seiungel finst for det meste på Vestlandet, men dukkar av og til opp langs Skagerrakkysten når det er gode årsklassar. Den første tida lever seien i fjæra, men trekk etter kvart ut på djupare vatn. Tidleg på våren vandrar svolten ungesi ut i Nordsjøen. Her et seien framleis ein del krill, men augepål, sild og annan fisk vert meir og meir viktig. Første hausten er seien ca. 20 cm, og som treåring er han 35–40 cm. Seien blir kjønnsmoden fire til seks år gamal. Umoden sei er konsentrert langs vestkanten av Norskerenna, særleg omkring Statfjordfeltet, ved Egersundbanken og søraustover. Om sommaren finn vi sei over heile Nordsjøplatået nord for ca. 57°N. Ettersom det finst lite eitt og to år gammal sei i Nordsjøen, er bestanden langt mindre utsett for utkast av småfisk enn dei andre botnfisk-artane i Nordsjøen. Sei er i hovudsak ein botnfisk. Stimar av ungesi kan ofte sjåast i dei øvre vasslaga inne ved kysten, mens eldre sei gjerne går djupare.